



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

# VURDERINGSRAPPORT

## SEKSE SKULE



18. - 21. oktober 2004



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### 1 Føreord

#### **Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling**

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

#### **Kven er vurderar ?**

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdera dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

#### **Kva gjer vurderarane ?**

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

#### **Rapporten**

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### **2 FAKTA OM SKULEN**

Sekse skule er ein 4-delt barneskule med 60 elevar. Skulen har 8 personar i pedagogisk stilling og 3-4 assistentar. Lærarane er delte i to arbeidslag – smålaget og mellomlaget. *Ein lærar tek seg av spesialundervisninga.* Skulen har SFO. Rammetimetalet er 140 timar. Skulen ligg i Sørfjorden, ca.20 km. frå Odde.

### **3 VURDERINGSTEMA**

Sekse skule har bede om vurdering på følgjande tema :

#### **Tilpassa opplæring med omsyn til**

- arbeidsplanar
- tilbakemelding til elevane, rettleiing
- aldersblanda grupper

### **4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV**

*Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.*

*Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.*

*Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.*



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

<b>KRITERIUM</b>	<b>TEIKN PÅ GOD PRAKSIS</b>
<b>Det er trivsel på skulen</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>-eleven har vener på skulen</li><li>-det er lite konflikter på skulen</li><li>-eleven har arbeidsro</li><li>-dei tilsette trivst på skulen</li><li>-alle har noko å gjera på i friminutta</li></ul>
<b>Det er godt samarbeid heim og skule</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>-foreldra opplever foreldremøta som nyttige.</li><li>-foreldra får god tilbakemelding om barnet si faglege utvikling</li><li>-foreldra er kjende med arbeidsplanane.</li></ul>
<b>Eleven får opplæring etter evner og anlegg og har innverknad på eiga læring.</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>-arbeidsplanane gir val m.o.t. vanskegrad</li><li>-planane er varierte med omsyn til arbeidsmåtar</li><li>-elevane har ulike arbeidsplanar</li><li>-arbeidsplanane oversiktlege og lette å skjønna.</li><li>-elevane er med på å vurdere eige arbeid med planen.</li><li>-planen inneheld noko å strekkja seg etter for den enkelte elev</li><li>-læringsmåla er tydelege på arbeidsplanen</li><li>-det skjer ulike elevaktivitetar samstundes</li></ul>
<b>Skulen nyttar tilbakemeldingar / vurdering som skapar utvikling for eleven</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>-skulen har førebudde elevsamtalar</li><li>-vurdering er tema på desse samtalan</li><li>-eleven kjenner læringsmåla</li><li>-tilbakemeldingar er positive i forma</li><li>-skulen brukar/prøver ut mappevurdering</li></ul>
<b>Det fysiske læringsmiljøet er tilrettelagt for læringsmodellen.</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>-undervisningsmatriell er lett tilgjengeleg for elevar og lærarar</li><li>-eleven har tilgang til å nytta data når dei arbeider på skulen</li><li>-klasseromma er triveleg møbelert tilpassa arbeidsmåten</li></ul>
<b>Skulen nyttar aldersblanda grupper som ressurs.</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>-elevane er trygge på kvarandre på tvers av aldersgrensene</li><li>-elevane tek omsyn til kvarandre</li><li>-elevane lærer fagleg av kvarandre</li><li>-læringsmiljøet er inkluderande</li></ul>



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### **5 DELTAKARAR I VURDERINGA**

- Interne : elevar, lærarar og foreldre
- Eksterne : Rigmor Hanssen og Torgeir Vassnes frå vurderingsgruppa i Voss/Hardanger kompetanseregion

#### Grunngjeving for val av informantar

Tilpassa opplæring vedkjem alle partar i skulesamfunnet. Det var difor viktig at alle desse var med på å gi informasjon til det eksterne vurderingsparet.



*Eldorado for små fotballinteresserte*

### **6 TIDSBRUK**

*Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.*



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

<b>TID</b>	<b>TILTAK</b>	<b>ANSVAR</b>
Veke 35	Skulen melder inn vurderingstema.	Skulen
Veke 38 Veke 39	Kriterium og spørjeskjema vert laga.	Vurderarane
Veke 40 <i>Tysd. 28. sep.</i>	Vurderarane har sitt første møte med skulen. Spørjeskjema og kriterium vert overlevert. Vurderarane får diverse relevante dokument.	Skulen Vurderarane
Veke 41	Oppsummering av spørjeskjema.	Vurderarane
Veke 42	Utarbeiding av samtaleguidar og observasjonsskjema Vurderingsparet sender sine endelege ynskje i høve observasjon og samtalar til skulen. Skulen gir respons på kriteria. Skulen planlegg den praktiske tilrettlegginga.	Vurderarane Vurderarane Skulen Skulen
Veke 43	<b>vurderingsveka.</b> <u>Mandag 18.10.</u> - møte med FAU og varamenn kl. 1900 <u>Tysdag 19. 10.</u> - samtale med mellomlaget - samtale med ei elevgruppe - observasjon i 4. – 7. klasse <u>Onsdag 20. 10.</u> - samtale med smålaget - samtale med to elevgrupper - samtale med rektor - observasjon i 1. – 3. klasse <u>Torsdag 21. 10.</u> - analyse og oppsummering - framlegging av førebels rapport	Vurderarane
Veke 44/45	Endeleg rapport og rapportvedlegg vert sendt skulen. Rapport vert sendt Ullensvang kommune.	Vurderarane
Innan veke 47	Skulen vert beden om å gje ei evaluering av vurderingsopplegget (på fast skjema)	Skulen
november	På rektormøte deler rektor sine erfaringar m.m. med dei andre skulane i kommunen. Rapport og spørjeskjema vert lagt ut på regionen si nettside. Skulen informerer FAU/foreldre	Kommunen/ Regionen  Skulen



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### **7 METODAR**

*Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.*

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

#### Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde kriterium og teikn på god praksis med utgangspunkt i L-97 og skulen sine planar. Dette vart godkjent av skulen.

#### Dokumentanalyse

Skulen sende vurderingsparet diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, generell informasjon om arbeidsplanar, vekeplanar og diverse andre planar.

#### Spørjeskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut eit spørjeskjema for å få overflatekunnskap. Dette vart fylt ut av lærarar og elevvar frå 4. til 7. klasse, og returnert til vurderingsparet for oppsummering.

#### Oppsummering av spørjeskjema

Oppsummeringa gav overflatekunnskap om

- skulen generelt
- innblikk i delar av fokusområdet

#### Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderingsparet samtaleguidar for samtalar med dei tilsette og elevane. Vi hadde òg samtale med FAU og varamenn. I tillegg hadde vi observasjon på alle trinn.

#### Vurdering

Vurderingsparet føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå elevane, dei tilsette og foreldra mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis. Utifrå vurderinga vart det trekt ein konklusjon.



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

**8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN  
VURDERINGSOMRÅDET**

- Kjekke, aktive og reflekterte elevar.
- Godt samarbeid heim/skule.
- Vekeplanane er gode (sjå utdjuping).
- Småskulen nyttar stasjonsundervisning.
- Arbeidsplanane på mellomtrinnet er tilpassa (sjå utdjuping).
- Det fysiske læringsmiljøet er tilrettelagt modellen.
- Arbeidssame, samvitsfulle og utviklingsorienterte lærarar og leiing.
- Rettleiingssamtalar som fungerer for alle partar.
- Elevar som er glade i skulen sin.

**9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN  
VURDERINGSOMRÅDET**

- Kontaktlærarsystemet fungerer dårleg (sjå utdjuping).
- Datamaskinparken for lærarane er ikkje tilpassa utstrakt bruk av arbeidsplanar/vekeplanar (sjå utdjuping).
- Vera nøgd med alt det ein har fått til (sjå utdjuping).



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### **10 UTDJUPING AV STERKE SIDER OG UTVIKLINGSOMRÅDA**

- **Vekeplanane er gode**

Dei nye vekeplanane for 1.-3. klasse er informative og dei inneheld målformuleringar. Når skulearbeid og lekser i tillegg er tilpassa den enkelte elev, er desse planane meir enn gode nok. Hald fast på dei.

- **Arbeidsplanane er tilpassa**

Arbeidsplanar inneber at ein gjev elevane meir ansvar, medbestemming og trening i sjølvstendig arbeid. Ulike læringsmål fordrar ulike oppgåvetypar og arbeidsmåtar. Dette har Sekse skule tatt høgd for. Når ein skal utarbeida ein arbeidsplan, bør ein ha i tankane nokre moment som kort kan oppsummerast slik:

- arbeidet bør veksla mellom individuelt arbeid og arbeid i fellesskap.  
*Dette er på plass.*
- elevane må få trening i ansvar for å fullføra ei oppgåva, og trening i å disponera tida si.  
*Arbeidsplanar der elevane må porsjonera arbeidet heima og på skulen, stettar dette kravet.*
- planen bør gje rom for veksling av arbeidsoppgåver.  
*Elevane ved Sekse skule kan skifta aktivitet utan å gå vegen om læraren. Læraren får då tid til rettleiing av den enkelte elev.*
- etter at planen er gjennomført, bør elevar vera med å oppsummera og vurdera arbeidsinnsatsen sin.  
*Dette er på plass etter dei "nye" arbeidsplanane.*
- planen må vera slik at behovet for fellesskapsopplevingar, munnleg aktivitet, gruppearbeid og samarbeidslæring ikkje vert skadelidande.



## *Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa*

*Dette er ivaretatt på arbeidsplanen, og det er ivaretatt ved at ikkje all tid vert nytta til å arbeida med planen.*

- læringsmåla bør vera konkretisert i arbeidsplanane. Slik kan elevane verta kjende med kva faglege forventningar læraren har til dei, og kva dei vert vurdert etter.

*Dette er på plass i dei "nye" arbeidsplanane.*

- planen bør innehalda høve til val. Elevane må få trening i å verta sjølvstendige gjennom å gjera val.

*Sekse skule har individuelle arbeidsplanar for elevane på mellomtrinnet.*

*Planane vert tilpassa gjennom ulike vanskegrad og arbeidsmengd. Dette er skreddarsaum. I tillegg har me framlegg om at elevane blir presentert for ulike oppgåver, der dei kan foreta val med omsyn til måtar å arbeida på.*

- **Kontaktlærarsystemet fungerer dårleg**

Både lærarar og elevar er samde om at noverande kontaktlærarsystem ikkje er godt nok.

I småskulen er dei tre klassane fordelt på tre kontaktlærarar på tvers av klassetrinn. Dette skaper frustrasjon når det gjeld å følgja opp elevane fagleg. Den læraren som er kontaktlærar for eleven, vert ikkje nødvendigvis den som skal følgja eleven si lese- og skriveopplæring. Dette meiner me er uheldig.

Så lenge fagansvaret følgjer klassesteget, må og kontaktlæraroppgåva gjera det. Dette siste gjeld og på mellomsteget. Me ser og vanskar i at lærarar i delstillingar er kontaktlærarar i dette systemet.

- **Datamaskinparken for lærarane er ikkje tilpassa utstrakt bruk av arbeidsplanar/vekeplanar.**

Etter denne arbeidsmodellen må lærarane bruka mykje tid til planarbeid. 2 maskiner på deling vert difor altfor lite.

- **Vera nøgd med alt det ein har fått til.**

Sekse skule er kome langt innafør fokusområdet. For personalet har det vore ein hektisk haust. Dei har lagt ned eit stort arbeid med å laga gode arbeidsplanar og vekeplanar for elevane. Mange endringar har vorte gjennomført i løpet av kort tid.



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

**11 VIDARE ARBEID ETTER OKTOBER 2004**

<b>Utviklingsområde</b>	<b>Idear</b>
<b>Kontaktlærarsystemet fungerer dårleg.</b>	<b>Dette må drøftast i kollegiet. Vårt framlegg: 1. og 2. klasse har ein kontaktlærer 3. klasse har ein kontaktlærer 4. og 5. klasse har ein kontaktlærer 6. og 7. har ein kontaktlærer</b>
<b>Datamaskinparken for lærarane er ikkje tilpassa utstrakt bruk av arbeidsplanar/vekeplanar.</b>	<b>Kjøp! Heradet bør vera så stolte over denne skulen, at dei finn midlar til dette.</b>
<b>Vera nøgd med alt det ein har fått til.</b>	<b>Innan fokusområdet treng de ingen idéar.</b>

6 månader etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Sekse 21.okt. 2004

Rigmor Hansen  
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss

Torgeir Vassnes  
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss

5 vedlegg



## Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

### VEDLEGG 1

**Påstandskjema for tilsette ved Sekse skule.**

**Tema:** Tilpassa opplæring med fokus på arbeidsplanar, tilbakemeldingar og aldersblanding.

	<b>Påstand</b>	<b>I høg grad</b>	<b>I noko grad</b>	<b>I liten grad</b>	<b>Slett ikkje</b>
1	Eg trivst på skulen.				
2	Klasseromma er trivelege.				
3	Samarbeidet med heimane fungerer godt				
4	Eg arbeider etter arbeidsplanar.				
5	Foreldra er godt kjende med arbeidsplanane.				
6	Eg likar å arbeide etter arbeidsplanar.				
7	Elevane mine likar å arbeide etter arbeidsplanar.				
8	Eg har rettleiingssamtalar (elevsamtalar) med elevane mine.				
9	Elevane mine kjenner læringsmåla.				
10	Eg brukar mappevurdering.				
11	Det fysiske læringsmiljøet er tilrettelagt for læringsmodellen (bruk av arbeidsplanar).				
12	Elevane mine kan nytta andre rom ved oppgåveløysing.				
13	Elevane er meir opptekne av å gjera ferdig planane enn læring.				
14	Arbeidsplanane legg opp til varierte arbeidsformer.				
15	Det er arbeidsro i klasserommet.				
16	Eg nyttar aldersblanding som ein ressurs.				
17	Eg brukar IKT i undervisninga.				



**Hardanger / Voss kompetanseregion**  
**Vurderingsgruppa**

**VEDLEGG 2**

**PÅSTANDSSKJEMA**  
**TIL ALLE ELEVANE PÅ MELLOMTRINNET VED SEKSE SKULE**

Nr.	Påstandar	<i>Set kryss →</i>	I høg grad	I mindre grad	Slett ikkje
1	Eg trivst i gruppa mi.				
2	Eg lærer av dei andre elevane i gruppa.				
3	Eg kan læra dei andre elvane i gruppa noko.				
4	Vi har oppgåver i gruppa som vi må arbeida saman om.				
5	Eg har vener i dei to andre gruppene.				
6	Det er for mykje å gjera på arbeidsplanen min.				
7	På arbeidsplanen min står det kva som er viktig å læra.				
8	Dei vaksne heime får sjå arbeidsplanen min.				
9	Dei vaksne heime ser lekseplanen kvar veke				
10	Eg arbeider på fleire måtar når eg arbeider med planen.				
11	Det er viktig for meg å bli ferdig med alle oppgåvene.				
12	Eg får hjelp av læraren når eg treng det..				
13	Læraren gjev tilbakemelding på arbeidet mitt.				
14	Eg har faste elevsamtalar med kontaktlæraren min.				
15	Eg har ei mappe der noko av arbeidet mitt er samla.				
16	Eg får vera med å bestemma korleis eg skal arbeida.				
17	Læraren og eg snakkar saman om kva eg skal arbeida med.				
18	Eg veit kvar eg skal finna det materiellet eg treng.				
19	Rommet vårt er fint møblert slik at eg får arbeidsro.				
20	Eg har lært korleis eg nyttar utstyret på skulen.				



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

## **Samtaleguide for tilsette ved Sekse skule**

### Om trivsel

- Meiner de det er lite konflikhtar blant elevane på skulen
- Meiner du det er arbeidsro i timane/øktene

### Om arbeidsplanar

- korleis blir foreldra informerte om arbeidsplanane?
- Er elevane med på å vurdere sitt eige arbeid med A-planar?
- Det står ikkje læringsmål på A-planen. Korleis kjenner elevane desse måla?

### Om tilbakemeldingar

- Har de elevsamtalar ?
- Korleis er desse samtalanane organiserte?
- Brukar de mappevurdering?

### Om det fysiske læringsmiljøet

- Er undervisningsmateriell lett tilgjengeleg for elevar? For lærarar?
- Er tilgangen på data tilfredsstillande?

### Om aldersblanding

- Korleis nyttar de aldersblanding?



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

## **Samtaleguide for elevar på mellomtrinnet ved Sekse skule**

### Om trivsel

- meiner de at det er lite konflikhtar på skulen
- meiner de at det er arbeidsro i timane / øktene
- har alle noko å gjera i friminuttane?

### Om A-planar

- Likar de å jobba etter A-plan ?
- Har de ulike A-planar?
- Er de med å bestemmer kva som skal stå på A-planen?
- Vurderer de arbeidet med A-planen?

### Om tilbakemeldingar

- Har de elevsamtalar?
- Korleis? Kor ofte?
- Har de brukt mappevurdering?

### Om det fysiske læringsmiljøet

- Kan de bruka data?

### Om aldersblanding

- Jobbar de av og til saman med nokon som er eldre/ynge?
- Korleis?
- Likar du å jobba med nokon som er eldre/ynge?



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

**Påstandsskjema - FAU og varamenn ved Sekse skule**

		I høg grad	I mindre grad	I liten grad
1	Foreldremøta er nyttige			
2	Eg får gode tilbakemeldingar om barnet si faglege utvikling			
3	Eg er godt kjende med arbeidsplanane			
4	Arbeidsplanane er oversiktlege og lette å skjøna			
5	Eg veit at barnet mitt har elevsamtale (retteleingsamtale)			
6	Barnet mitt likar å arbeide etter arbeidsplanar			
7	Eg veit at skulen nyttar aldersblanda Grupper			
8	Eg meiner aldersblanda grupper er ein viktig læringsarena			
9	Eg meiner det er arbeidsro på skulen			
10	Eg veit kva barnet mitt skal læra			